

PROTOKOLL INSTITUTTSTYREMØTE 31.05.2010

Møtestad: møterom 342, Christiesgt. 13
Møtetidspunkt: kl. 09.00-11.00

Tilstades: Rune Krumsvik, Kariane Westrheim, Arild Raaheim, Marit Ulvik, Rune Herheim,
Øystein Steine Larsen, Ingvild Haugen
Forfall: Magnhild Thomassen

I

Godkjenning av innkalling og sakliste.
Innkalling og sakliste vart godkjent.

II

Protokoll frå instituttrådsmøte 11.05.2010
Protokollen vart godkjent.

III

Fullmaktsaker
Ingen fullmaktssaker.

IV

Orienteringssaker.
Instituttleiar Rune Krumsvik orienterte om følgjande saker:
- Institutta - ansvar, mynde og organisering. Gjennomgang instituttreglementet.
- Habilitetsreglar ved tilsetting. Gjennomgang.
- Styringsdialog for forskingsgruppene 20. mai 2010.
- Styringsdialogmøter for programstyra ved instituttet.
- Tilsetting førsteamanuensis i universitetspedagogikk.

Gjennomgang av instituttets nettsider vart utsett seinare møte.

V

NYE SAKER I DETTE MØTET

06/2010 Innstilling to førsteamanuensis-stillingar (LU)

Diskusjonssak.
Instituttrådet vart orientert om instituttleiar sin innstilling og hadde ingen merknader.

07/2010 Utlysingstekst for professor i pedagogikk

Diskusjonssak.
Instituttrådet vart orientert om utlysingstekst og stillingsomtale og hadde ingen merknader.

08/2010 Budsjet for instituttet

Vedtak:

Institutt for pedagogikk fordeler ikkje vidare noko av sjølve instituttbevilgninga på 466 734.
Studieprogramma forhold seg til sine respektive øyremerka løyvingar.

For midlane disponible i forskingsgruppa PLP følgjer annumsløyvingar og belønningsmidler person inn i personleg annum.

Kvar av dei fem nye forskingsgruppene får som oppstartskapital vidarefordelt 30 000 kroner frå såkornsmidlene til PLP. I tillegg kan desse forskingsgruppene søke instituttet om ytterlegare midlar til definerte behov eller prosjekt. Frist for å søke om ytterlegare midlar blir satt til 20. august 2010.

09/2010 Møtedatoar

Vedtak:

Møtedatoar for instituttrådet haustsemesteret 2010 er som følgjer:

Onsdag 11. august kl. 09.00-11.00

Onsdag 1. september kl. 09.00-11.00

Onsdag 6. oktober kl. 09.00-11.00

Onsdag 10. november kl. 09.00-11.00

Onsdag 15. desember kl. 09.00-11.00

10/2010 Oppstartseminar hausten 2010. Nedsetting av komitè.

Vedtak:

Det blir oppnemnt ein arbeidskomite for seminaret. Denne består av ein person frå kvart av fagmiljøa universitetspedagogikk, utdanningsvitskap og lærarutdanning. Representantane frå instituttrådet som tilhøyrrer dei ulike miljøa er ansvarlege for å finne representant frå sitt fagmiljø og melde desse inn til administrasjonssjef innan ei veke.

11/2010 Representasjon for dei nasjonale forskarskulane NATED og NAFOL i programstyret for PhD-utdanninga.

Vedtak:

Saka blir utsett til seinare møte.

12/2010 Eventuelt

06/2010 Eventuelt

Ingen saker

Referent: Øystein Steine Larsen